

SKEIVT/ARKIV

UNIVERSITETET I BERGEN
Universitetsbiblioteket



Referat frå møte i rådgjevingsgruppa for Skeivt arkiv 27. oktober 2017

Stad: Noregs museumsforbund, Universitetsgata 14, 0164 Oslo

Tid: Kl. 11:30–15, 27. oktober 2017

Tilstade: Medlemmane av gruppa *Tone Hellesund og Liv Ramskjær*

Camilla Brautaset, Anne Aune og Ingvild Endestad hadde meldt avbod.

Sekretariatsleiar Lin Hauglund i FRI møtte ved Ingvild Endestad sitt fråvær.

Fagleg leiar av Skeivt arkiv, *Runar Jordåen*.

Birger Berge frå Skeivt arkiv møtte som referent for gruppa.

Møteleiar: Tone Hellesund.

RGSKA 13/2017 Godkjenning av møteinnkalling

Godkjent, med merknad om feil dato for førre møte.

RGSKA 14/2017 Godkjenning av dagsorden

Godkjent.

RGSKA 15/2017 Referat frå møtet 12. mai 2017

Ingen merknadar til referat .

RGSKA 16/2017 Møteplan 2018

Det er lagt opp til eitt møte på våren, og eitt om hausten. Møtetid kl. 12-15 foreslått slik at det blir lettare å reise til og frå møte same dag. 9. mars blei foreslått som ein aktuell dato for neste møte.

RGSKA 17/2017 Orienteringssaker

Fagleg leiar orienterte: Skeivt arkiv har vore representert på fleire Pride-festivalar og arrangement.

Utstillinga *Skeivt uteliv* med oppstart under Oslo Pride kravde store arbeidsressursar frå arkivet, men besøkstallene på nettstaden og mengden innlevert materiale viser at utstillinga har bidrege sterkt til synleggjering og promotering av arkivet.

Skeivt arkiv deltok med stand i Pride Park under Oslo Pride, og deltok også i paradene. Under Stavanger på Skeivå deltok Skeivt arkiv med debattleiar på opningsarrangementet, og som «faktasjekkar» av politikarar under diskusjon om homopolitikk i Noreg. Under Trondheim Pride hadde Skeivt arkiv eit arrangement om skeiv historie med historiske aktørar. I tillegg bidrog arkivet med stand, deltok på skeiv byvandring, føretok livsminneintervju, og var til stades på seniortreff.

Skeivt arkiv har deltatt med materiale og råd til utstillinga «Søttallet» i regi av Bymuseet i Oslo, som opnar 21. november 2017.

Fagleg leiar orienterte om utarbeiding av eit formidlingsopplegg om skeiv historie retta mot skulane.

Skeivt arkiv bør synleggjerast i endå større grad, og auka kontakt med politikarar er ein måte å oppnå dette på. Fagleg leiar sa at trykt årsmelding for 2017 er eit planlagt tiltak i denne retninga.

Fagleg leiar orienterte om positive utslag på nettstatistikken for Skeivt arkiv, med høgste treffrate på Universitetsbiblioteket, samt betydeleg oppgang på sosiale medium.

Skeivt arkiv er i slutfasen med utarbeiding av ein skeiv kalender for 2018 i samarbeid med FRI.

Når det gjeld tilvekst har arkivet sidan sist møte mottatt materiale frå mellom anna FRI og Helseutvalget. Fagleg leiar orienterte om søknad på utviklingsmidlar frå Arkiverket for ordning av arkiva til HivNorge, Helseutvalget og Dag Strand Nilsen. Innspel frå Rådgjevingsgruppa om å søke nye tildelingar for å utvide prosjektet innanfor hiv-feltet med andre aktørar som til dømes Aksept.

Fagleg leiar orienterer om medieoppslag for arkivet i blant anna God morgen Norge (TV 2), Blikk, Gaysir, Bergens Tidende, NRK radio og tidsskrifta Syn og Segn og MELK.

Fagleg leiar informerte om at Skeivt arkiv no er synlege som depotinstitusjon i Arkivportalen.

Skeivt arkiv heldt 13. oktober 2017 eit mimretreff for gamle aktivistar i Homofil bevegelse i Bergen (HBB) for identifisering av biletarkivet gitt til Skeivt arkiv.

Dette har gitt verdifull informasjon om avlevert materiale, og kan stå som modell for liknande arrangement seinare.

Fagleg leiar dokumenterte med bilete korleis Skeivt arkiv har blitt synlegare på Spesialsamlingane (UB) ved skilting og nytt møblement.

RGSKA 18/2017 Strategi

I forkant av møtet sendte fagleg leiar ut nytt utkast til strategi. Dette på bakgrunn av diskusjon om strategien på møtet 12. mai 2017, kor rådgjevingsgruppa kom med innspel for utarbeiding av nytt utkast.

Gruppa uttalte at strategien no var blitt stramma inn på ein god måte. Det blei spelt inn at strategien burde innehalda formuleringar om at arkivet skulle vera til stades på lågterskeltilbod på feltet, til dømes på møte og arrangement i regi av lokalavdelingar av organisasjonar.

Fagleg leiar går gjennom strategien ein siste gong og sender til avdelingsleiar for vidare handtering.

RGSKA 19/2017 Infrastruktur og framdrift

Fagleg leier viser til at arkivet har blitt meir synleg gjennom skilting, men at bokhyller for oppstilling av det skeive biblioteket ikkje er på plass. Skeivt arkiv har greidd ut behovet for nye reolar og kome med eit forslag til innkjøp. Dette går no straks gjennom UBs administrasjon til bestilling.

Det betyr at materialet vil bli samla på ein stad, noko som vil gi mange fordelar både i det daglege arbeidet og ved formidling (omvisingar).

Når det gjeld økonomi er det framleis usikkert kva dei økonomiske rammene er utover den øyremerkte løyvinga på statsbudsjettet. Det er ønskjeleg med ei avklaring på kva UiB sitt tilskott vil vera slik at rammene for drifta kan blir meir føreseielege.

Fagleg leiar gjorde greie for at arkivet har tatt mot digitalt skapt materiale (døme: Lesbisk Turlag sin nettstad som blei hausta i sommar), men ønskjer å vidareutvikla dette arbeidet i takt med at framtidige arkiv i stor grad vil vera digitalt. Gruppa understreka kor viktig dette var og at det bør utarbeidast retningslinjer for avlevering av slik materiale. Vidare peikte gruppa på eit døme: FRI sin nettstad for kampanjen «Gå for meg,» som blir tatt ned frå nettet ved utgangen av året. Skeivt arkiv tar kontakt med FRI for hausting av denne.

Det er eit stort etterslep når det gjeld arkivordning i tillegg til at Skeivt arkiv har hatt høg aktivitet når det gjeld formidling gjennom ulike arrangement. Katalogisering og ordning vil vera ein prioritet i haust og våren 2018. Større tempo når det gjeld digitalisering vil nedprioriterast i denne perioden. Gruppa spelte inn at ei løysing kunne vera digitalisering av einskilte dokument i samband med synleggjering og marknadsføring av arkiva og givar på nettstad og i sosiale medium.

RGSKA 20/2017 Etikk og personvern

Fagleg leiar orienterte om at etikk var gjort greie for under «om arkivet» på nettsidene med lenker til etiske retningslinjer for arkivarar på Riksarkivet sine heimesider. Gruppa ønskjer dette markert også andre stader på nettsida, til dømes under «bidra»-fanen på nettstaden. Gruppa foreslo også utarbeiding av ein eigen brosjyre for potensielle arkivgivarar der retningslinjer for avlevering og der etikk og praksis for personvern blir gjort greie for.

RGSKA 21/2017 Orientering om intervjuprosjekt

Fagleg leiar viser til at det var utført om lag 30 intervju før noverande team blei tilsett. Dei vil ved utløpet av året ha utført opp mot 40 intervju, slik at det totale talet nærmar seg 70. Medan kvinner var overrepresentert i 2016, er menn overrepresentert i 2017. Det blir jobba med å sikra god representativitet når det gjeld kjønnsuttrykk, bakgrunn osv. Arbeidet med å dokumentere prosjektet betre med grunngjeving for utval, intervjumetodikk og andre etiske omsyn er i gang (jf. innspel frå rådgjevingsgruppa på møte 12.05.2017).

RGSKA 22/2017 Museumsfeltet

Fagleg leiar viste fram video frå opninga av utstillinga Skeivt uteliv på Kulturhistorisk museum, UiO, 22.juni 2017. Utstillinga skal vandra og opnar ved Universitetsmuseet i Bergen i høve Regnbogedagane i Bergen 2018.

Det er ønskje om å markere Skeivt arkiv betre som ein ressurs for museumssektoren, og arkivet bør delta på ulike møter og konferansar innanfor sektoren. Dette kan til dømes vere på det nasjonale museumsmøtet 17.–19. april 2018 i Mosjøen eller Haugesund 2019, og/eller på den årlege forskningskonferansen til Museumsforbundet. **Det kan også vere ein gode ide å forsøke å bli knytta opp mot fagseksjon for...?** Det vart også foreslått at Skeivt arkiv kunne ta kontakt med Museumsnytt og foreslå at dei lage ein reportasje om Skeivt arkiv og om Skeive tema i museumsbransjen. Det vart avtalt at Liv Ramkjær og Runar Jordåen skal snakkast nærmare for å forsøke å få til eit arrangement under Arendalsveka der Skeivt arkiv kan bidra.

Elles vart det også foreslått at ein kan søke Fritt Ord om midlar til utstillingar, og at ein bør forsøke å gjenopprette kontakt med mangfoldsnettverket i Norges Kulturråd. I forbindelse med Skeive Sørlandsdager kunne ein kanskje fått til eit samarbeid med Vest-Agder-museet som har jobba mye med «vanskelige tema», Skeivt arkiv tar kontakt med Kathrin Pabst på Vest-Agder museet.

RGSKA 23/2017 Skeivt arkiv og LHBT-feltet

Skeivt arkiv sin kontakt med FRI og andre aktørar på feltet vart diskutert. Skeivt arkiv må i tillegg til å vere i kontakt med dei ulike organisasjonane, også vere i kontakt med og representere alle dei ulike kulturane og historiene inkludert marginaliserte skeive identitetar. Skeivt arkiv bør også gjere seg gjeldande som deltakar og medarrangør av ulike initiativ og arrangement på LHBT-feltet, som til dømes markering av 25-års jubileet for partnerskapslova i 2018.

Gruppa peikte på betre synleggjering av arkivrutinane som eit tiltak for å gi potensielle givarar av materiale større tryggleik på kva som skjer med det dei leverer inn. Det bør utarbeidast ein folder med lett tilgjengeleg informasjon om korleis materialet blir handtert når det gjeld ordning, lagring og personvern (gjerne med referanse til eller utdrag frå dei yrkesetiske retningslinjene for arkivarar) I tillegg bør givarar av materiale synleggjerast betre, gjennom nettsaker og tilgjengeleggjering av materiale. Det bør innarbeidast faste rutinar for slik synleggjering.

RGSKA 24/2017: Skeivt arkiv og arkivfeltet

Saken ikkje diskutert.

RGSKA 25/2017: Skeivt arkiv – formidling og skule

Fagleg leiar informerte om at eit første undervisningsopplegg retta mot vidaregåande skule er under utarbeiding. Gruppa meinte Skeivt arkiv kan samarbeida med andre aktørar når det gjeld dette, til dømes Rosa kompetanse, Amnesty og Den kulturelle skolesekken. I tillegg kan arkivet utarbeide slides som kort presenterer arkivet, som kan leggest inn i andre aktørar sine presentasjonar.

Rådgjevsgruppa ønskjer seg ei oppdatering på kva som er nytt på nettstaden oftare enn no. Nettsida kan framstå litt statisk. Det bør leggest ut teaserar på Facebook, med lenker til nettsida. For eksempel kan ein lage sak om «Månadens nykommar» som både Facebook og nettsidesak. I tillegg bør alle saker vere godt indeksert, slik at ein ved søk på nettstaden fort kan danne seg ei oversikt over kva det er skrive om.

**RGSKA 26/2017: Skeivt arkiv og Universitet/høgskulesektoren –
undervisning og forskning**

Saken ikkje diskutert.

RGSKA 27/2017: Eventuelt

Ingen saker til eventuelt.